



Retningslinjer for tilskot frå kulturmiljøfondet i Aukra kommune

§ 1. Føremål

Tilskotsordninga skal bidra til å sette i stand kulturminne og kulturmiljø, tilrettelegge kulturminne for alle, og støtte kulturhistoriske arrangement og aktivitetar som gir kunnskap og opplevingar knytt til lokalhistorie. Dokumentasjon og publisering som gir kunnskap om kulturminne kan også vere aktuelt.

§ 2. Verkeområde

Tilskot kan tildelast kulturminne som er omtalt i Aukra kommune sin kulturmiljøplan, og/eller er sikra gjennom kommunal regulering til omsynssone/spesialområde for bevaring. I særlege høve kan det også søkast midlar til prosjekt som gjeld verneverdige kulturminne, men som ikkje fyller vilkåra i første setning.

§ 3. Økonomiske rammer

Det kan søkast om midlar med maksimum beløp kr 500.000,-. Tilskotet kan ikkje overgå 50 % av samla kostnad.

§ 4. Følgjande kriterium vert lagt til grunn for handsaming av søknader:

- Tiltak som sikring, reparasjonar og istandsetting etter antikvariske retningslinjer
- Tilbakeføring til dokumentert tilstand kan vere aktuelt
- Strakstiltak som hastar før ein skal i gong med ei meir omfattande restaurering
- Særleg viktige interiør kan kome i betraktning
- Kulturminne som har formell vernestatus eller registrerte som verneverdig på anna måte vert prioriterte. Det kan til eksempel vere kulturminne som står omtalt i kulturminneplan for Møre og Romsdal fylkeskommune
- Tilrettelegging av kulturminne for allmenta gjennom informasjon og fysisk tilrettelegging.
- Arrangement som formidlar lokalhistorie og andre historiske tema
- Opplæring, informasjon, forskning og dokumentasjon som bidreg til vern av kulturminne kan kome i betraktning
- Dersom tiltaket styrkar handverkskompetanse som gjeld antikvarisk istandsetting, vert dette vurdert som positivt
- Kulturminne eller kulturmiljø som er tilgjengeleg eller synleg for allmenta vil bli prioritert
- Private eigarar, herunder også lag, stiftingar og frivillege organisasjonar vert prioriterte
- Tilskotsmidlar skal ikkje dekke standardheving, modernisering, drift og driftsrelatert infrastruktur som VVS og EL. Tilskotet dekkjer ikkje eigeninnsats

§ 5. Kunngjering, søknadsfrist og handsaming av søknader

Ordninga vert kunngjort i samband med kommunen sine andre tilskotsordningar. I kunngjeringa står det oppført kommunen sin kontaktperson for tilskotsordninga. Det er ingen fastsett søknadsfrist og søknader kan leverast fortløpande gjennom året.

Søknadane vert handsama av eining for kultur. Utval for helse, omsorg og kultur har mynde til å gjere tildeling.

§ 6. Krav til søknaden

Søknaden skal leverast i elektronisk søknadskjema som ligg på kommunen sine heimesider. I søknaden må det vere mest mogleg opplysningar om tiltaket som skal gjennomførast.

Tilstandsrapport og pristilbod frå entreprenør/handverkar må leggjast ved. Foto og/eller teikningar av kulturminnet og det planlagte tiltaket vil styrke søknaden.

§ 7. Vilkår for utbetaling av tilskot

For større tiltak kan det etter tilsagn utbetalast ein andel ved oppstart, og det resterande beløpet når tiltaket er ferdigstilt og godkjent.

Før oppstart av prosjektet skal tiltakshavar gjere seg kjent med kva slags krav som vert stilt og skaffe alle naudsynte tillatelsar.

Det vert stilt krav til fagleg gjennomføring av tiltaket.

Frist for gjennomføring av tiltaket er innan to år frå tilsagnet er gitt.

Når tiltaket er gjennomført, skal det skrivast ein kort rapport før utbetaling av tilskotet.

Tilskot som ikkje er nytta innan to år etter tildelinga fell tilbake til fondet.

Rapporten skal innehalde:

- Kort omtale og dokumentasjon av arbeidet som er utført, og foto av dette; før, under og etter arbeid
- Rekneskap frå rekneskapsførar eller privatført rekneskap med kopi av bilag som fyller vilkåra i gjeldane regelverk.
- Det må opplysast om tilskot frå andre støtteordningar

Aukra kommune ønskjer høve til å formidle kulturminneinteressene i prosjekt som får støtte. Ved omtale av prosjektet ber vi om at det vert opplyst om at Aukra kommune har støtta prosjektet.

§ 8. Høve til klage

I tråd med bestemmelsar i forvaltingsloven kapittel VI, kan vedtak klagast på. Begrunna klage skal sendast innan tre veker etter motteke vedtak. Klaga skal sendast til Aukra kommune.

§ 9. Bortfall av tilskot og krav om tilbakebetaling

Tilskotet kan bli krevd tilbakebetalt dersom prosjektet ikkje vert gjennomført etter føresetnadane. Større endringar i prosjektet skal meldast til kommunen sin kontaktperson.

§ 10. Igangsetting

Retningslinene trer i kraft frå tiltaket er vedteke.